



Birkeland AS

Dato: 17.03.2022

Ekrene Næringspark 39

Dokumentnummer: 22/1026-9

5550 SVEIO

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Evy Helland

Svar på brev av 11.03.2022 i høve vesentleg terrenginngrep for nydyrking - gnr. 122, bnr. 10 - Spannavegen

Me visar til e-post av 11.03.2022 der de skriv at de klagar på vedtak datert 04.03.2022. Me presiserar at dette ikkje var snakk om eit vedtak, men svar på eitt brev datert 25.02.2022 der de har merknadar til det de hevdar er kommunen sitt krav om utarbeiding av reguleringsplan for masseuttaket på gnr. 122, bnr. 10. Å fortsetje arbeid etter at eit løyve er gått ut er ulovleg, det same er arbeid ut over eller i strid med det det er gjeve løyve til. Arbeidet er heller ikkje avslutta med nydyrking slik det skulle etter vedtaket. Det er berre klagerett på enkeltvedtak, jfr. Forvaltningslova § 2a , jfr. § 28. Eit enkeltvedtak er ei avgjerd som er bestemmande for rettar og plikter til enkeltpersonar eller private rettssubjekt. Informasjon om at det ikkje ligg føre eit løyve og at vidare arbeid på tomta krev dispensasjon eller reguleringsplan med påfølgjande søknad om løyve er ikkje eit enkeltvedtak. Me vil difor svara på merknadane dykkar i dette brevet.

Kommunen vil presiserar følgjande:

1. Kommunen krevjer ikkje at de skal utarbeida reguleringsplan for området. Det kommunen seier er at det arbeidet de i dag gjer på eigedomen er ulovleg, tiltaket er søknadspliktig og det ligg ikkje føre eit løyve. Kommunen har difor pålagt stopp i arbeidet. Dette pålegget er eit enkeltvedtak. I pålegget er det presisert at kommunen kan varsle og pålegge tilbakeføring. De har gjeve uttrykk for at de ynskjer å fortsetja med arbeidet og kommunen har då har svart at før de eventuelt kan gjera meir arbeid på eigedomen må de anten regulera eller søka dispensasjon då arbeidet ikkje er i tråd med LNF-føremålet. Kommunen har vidare understreka at de ikkje kan pårekna å få verken regulera eller dispensasjon til masseuttaket. De har sjølv vist til at ei regulering er i strid med LNF-føremålet i kommuneplanen, dette er kommunen einig i. Det er og orsaka til at kommunen har informert om at ein ikkje kan rekne med å få vedteken ein reguleringsplan her. Kommunen kan difor ikkje sjå at det av noko informasjon frå vår side framstår som at kommunen pålegg dykk å regulera området. Det de hevdar er eit enkeltvedtak er informasjon i høve at de ynskjer å ha eit masseuttak på staden.
2. Det er aldri godkjent eit masseuttak på gnr. 122, bnr. 10. Det er gjeve løyve til vesentleg terrenginngrep og oppfylte masser for nydyrking. Hovudføremålet bak tiltaket var nydyrking. Dette løyvet er gått ut. Ein kan ikkje visa til vidareføring av eit tiltak det ikkje er gjeve løyve til, tiltaket skulle avsluttast med nydyrking i tråd med føremålet, dette er noko heilt anna enn eit masseuttak. Kommunen vurderar det i alle høve som heilt openbart at tiltaket er eit større bygge.- og anleggstiltak etter pbl. § 12-1 og at tiltaket er i strid med vedteken kommuneplan.
3. Løyvet er gjeve i 2014, ikkje 2018. Det har inga hensikt å vise til dette vedtaket , dette er ikkje lenger gyldig og tiltaket er heller ikkje utført i høve til løyvet. Tiltaket vart den gong vurdert til å vera i

samsvar med føremålet og området skulle no ha vore dyrka. Arbeidet de har gjort etter at løyvet gjekk ut er ulovleg og i strid med LNF-føremålet. Det er og gjort vesentleg meir arbeid enn det var gjeve løyve til i 2014.

4. Uttak av masse over 10.000 m³ er konsesjonpliktig etter lov om mineralforvaltning, de visar sjølv til at de har teke ut 51.000 m³. Me kan ikkje sjå at de har fått konsesjon til tiltaket. Tiltaket er meldt til direktoratet for mineralforvaltning og registrert som sak 21/06898.

Arbeidet som er utført er ulovleg. Det er ikkje å rekna som eit vedtak at kommunen har informert dykk at vidare arbeid på eigedomen krev dispensasjon eller reguleringsplan med påfølgjande løyve.

Med helsing

Evy Helland
jurist

Dokumentet er godkjent elektronisk.